

172
Dei ævelege dører.

Tone:Viden om jord.

Lyfta Dykk opp, De ævelege dører.
Allheimsens Drott vil gjerne koma inn.
Frelsa og Fred i fylgjøtsitt Han fører.
Over den vonde makt Han siger vinn.
Kor: Sjå, kongen kjærleg til Deg kjem.
Opna di dør, Jerusalem.
Gjev rom for hans Herlegdom og fulle Frelsa.
So trygg fær Du bu i Sion.

Lat Dykk då opp, De ævelege dører.
Sion sin Drott vil gjerne koma inn.
Liv Han Dykk gjev. Med Himmelbrød Dykkører.
Fyller med Livsens lukka sjæl og sinn. Kor:

Lat Deg då opp, Du uomvende hjarta.
La ei din ven og konge ute stå.
Kjærleg han stod so mang ein gong i smerta
ut for di hjartedør og banka på. Kor:

Stengjer Du att, Han sorgfull bort seg vender.
Og Du lyt vera Satans makt i vald.
Evige sjæl. Kor kjem det til å enda,
når Du vil visa frå Deg Herrens kall ? Kor :

Spara Deg sjølv for slik ein usæl ende.
Opna di dør og bed din Frelsar inn.
Livet er stutt, og døden er, kanhende,
nær ved di hjarterot med ljaen sin.

Kor:

Lat ho då opp, di hjartedør.
Himmelens Drott om husrom spør.
Hans liv og hans soningsdød, hans fulle Frelsa,
vil berga di sjæl frå domen.

Johs.M.L.Rydland.